

# 2022

## Årsrapport for Sirdal sokneråd

Vedteke SR-sak 012/23  
Sirdal sokneråd 10. mai 2023



# 1. Organisasjon

## Soknerådet si verksemd

Hanne Fodstad – leiar  
Gunnlaug Seland – nestleiar  
Ingunn Tonstad  
Are Yngvar Myhra  
Siri Elisabeth Skagestad  
Trine Røssstad Ousdal  
Christiane Krahner – sokneprest, slutta 31.12.22  
Rolf M. Hompland – kommunen  
1.vara Gunn-Siri Ousdal  
2.vara Sissel Agathe Bø  
3.vara Tone Marit Bjørnstad  
4.vara Kenneth Omlie  
5.vara Kathrine Berge Seland

### Saker

Soknerådet har i 2022 hatt åtte møter og handsama 31 saker. Møta har vore på kyrkjesenteret og Tonstadli. 12 saker har vore fellesrådsaker.

Soknerådet sitt arbeid gjekk som planlagt tross fortset smitteverntiltak ut på nyåret.

Særskilte saker som soknerådet har arbeidd med i året som har gått, har mellom anna vore visitasen i september, smitteverntiltak fram til juni da dei blei oppheva. Det har vore oppfølging av to sakar, nye kyrkjekontorer og 100% presteressurs. Det var en fin gudsteneste med avskjed for Christiane i Tonsdad kyrkje 11. desember. Årsfest med årsmøte 20. mars. Mogleg flytting av kyrkjekontoret til helsehuset blei ikkje noko av grunna av at det blei for dyrt for kommunen. Det har vore vidare kommunikasjon for å få nye lokale som tilfredsstilte lovens krav og den bruken som kyrkja har behov for. Ein har også gjennomført særskilte tiltak for å spare straum på grunn av særdeles høge straumpriser.

Vedlikehaldet har stort sett dreie seg om oppgåver knytte til oppfølging av det elektriske, mellom anna er det skiftet til nye sikringar med jordfeilbrytere i nytt skap på galleriet i Kvævemoen kapell.

### Medlemmer av utval/komitéar har vore:

#### ***Kyrkjeleg administrasjonsutval***

Hanne Fodstad (leiar)  
Gunnlaug Seland  
Are Yngvar Myhra  
Inger Solveig Høyland  
(arbeidstakarrepresentant)

#### ***Forhandlingsutval:***

Hanne Fodstad (leiar)  
Gunnlaug Seland  
Yngve Bjørn Søyland

#### ***Gudstenesteutval***

Anne Turid Solberg Garnica  
Siv Olaus Lindeland Tonstad  
May Bente Øksendal Ousdal  
Sissel Agathe Bø  
Tone Marit Bjørnstad  
Kjetil Øygard Eidevik  
Christiane Krahner

#### ***Trusopplæringsutval***

Laila Øksendal  
Grete Hegre

Trine Røsstad Ousdal  
Inger Solveig Høyland  
Birgitta Tjørhom

***Diakoniutval***

Kathrine Berge Seland  
Are Yngvar Myhra  
Dagny Irene Samslått  
Christiane Krahner

***Arbeidsgruppe for Grøn kyrkjelyd***

May Bente Øksendal Ousdal  
Kathrine Berge Seland  
Yngve Bjørn Søyland

***KNkomité***

Sven-Egil Testad  
Inger Solveig Høyland

**Kirkens SOS kontakt**

Kent Seland

***Syskenringen (frå kyrkjelyden)***

Vert nedlagt/lagt på is

**Misjonsutval**

Solbjørg Tjørhom, kontaktperson  
Sissel Agathe Bø  
Yngve Bjørn Søyland

**Redaksjonskomité Kyrkje og Kultur**

Lars Audun Fodstad (leiar)  
Sven Egil Testad  
Sissel Agathe Bø  
Yngve Bjørn Søyland

**Kulturutval**

Brynhild Berg  
Ragnhild Barbro Josdal  
Hanne Fodstad  
Tone Østtveit Kvinen  
Kjetil Øygard Eidevik (permisjon)

**Hausttakkefest Kvæven**

Aud Ingrid Fidjeland, avslutta  
Asta Lunde  
Anna Kvæven  
Ester Tjørhom

**Komité for julefest Kvæven**

Grete Hegre  
Anders Tjørhom  
Kjetil Øygard Eidevik  
Christiane Krahner

**Arbeidsgruppe for nytt kyrkjesenter**

Kenneth Omlie  
Siri Elisabeth Skagestad  
Gunnlaug Seland  
Yngve Bjørn Søyland

## 2. Personal

*Mål* for 2022:- Arbeide for gode arbeidstilhøve for tilsette i kyrkja lokalt.

Totalt har soknerådet 4 årsverk som er fordelt slik:

100 % Kyrkjevevjerje

90 % Organist

120 % Kyrkjelydsarbeidar

57 % Kyrkjetenar

37 % Reinhaldar

Dah May Htoo, renholder sluttet 1.nov. 2022. Reda fikk utvidet stillingen og overtok renholdet for Haughom kapell.

Denne årsrapporten speglar verkelegheita for kyrkja i Sirdal i året som gjekk. Det var nokon begrensningar i begynnelsen av året. Soknepresten har annonsert gudstenestane på kyrkja si heimesida/facebook.

2022 har for det meste vore eit normalår. Møter i stab, sokneråd, utval og komitéar har stort sett kunne gjennomførast som normalt.

Det har vore godt for kyrkjelyden å kunne treffast att etter pandemien. Vi er glade for at ein har lykkast på mange måtar med å nå fram til barn og ungdom på ulikt vis.

Mesteparten av drifta er finansiert av Sirdal kommune, men noko kjem også i form av eit kronebeløp frå Kyrkjerådet (trusopplæring) og noko andre mindre inntektar. Organist/ kontorstillinga har vore noko redusert også i 2022 (90%). Det har vore naudsynt å trekke inn vikarar. I tillegg betaler soknerådet på ein kordirigentstilling (17,5%). Tilsetjingsforholdet er Eining for kultur (kommunen). I samband med ulike vikarbehov Kyrkjevevjerja flytta frå september kontorplassen tilbake att over vegen frå Kvævemoen kapell til bygdetunet ein dag i veka. Det har vore nyttig å vere i Øvre Sirdal med tanke på alt som skal følgjast opp der.

## 3. Verksemda – bygg, administrasjon og anlegg

### A. Kyrkjene

Mål:

- Smittevernet har vært ivaretatt i den grad det har vore nødvendig.
- Nytt el-skap på galleriet i Kvævemoen kapell.

#### Nytt kyrkjesenter

Det har ikkje vore noko framgang med nye kyrkjekontorer i 2022. Nødvendig å fortsett budsjettere med pengar til nytt kyrkjesenter. Kommunen kom på banen med initiativ om å utreie samlokalisering med NAV på Helsehuset. Dette har halde på gjennom heile 2021 med møte på alle plan, fysisk og på Teams. Planane blei godkjent av alle partar, og råda for menneske med nedsett funksjonsevne og Eldrerådet har og vore høyrte. Arbeidstilsynet har godkjent planane. Ved årsslutt mangla berre godkjenning av Formannskapet for løysing og finansiering. I januar 2022 blei planforslaget utsett, grunna høge ombyggingskostnader.

#### ENØK-tiltak

Det var i 2022 satt i gang noen enkle straks ENØK-tiltak som å skifte / nye gummilister rundt dørene i alle bygg. Temperaturen ble senket litt i alle bygg, både øvre og nedre temperatur. Dette i samband med høge strømpriser og avtale med kommunen.

## B. Gravplassane

Mål :

- Leggje til rette for at gravplassane er gode stader å vere for sørgjande og andre som ferdast der

Det gode samarbeidet med teknisk etat om drift og vedlikehald av gravplassane held fram. Ivar Skreå hadde ansvaret til ut på hausten da Ole Terje Josdal tok over. Frå vår ståstad er gjeldande ordning god, og vi meiner den nyttar både maskin- og personal-ressursane på ein god måte.

ASVO har også i år hatt ansvar for gravstell på vegne av fellesrådet ved Skeihaugen og Lunde kyrkjegardar.

## 4. Verksemda – kyrkjelyd

Statistikk	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Gudstenester og liknande	72	74	74	74	74	39	43	60
Deltakarar	4522	4986	4570	4256	4061	1941	1312	3307
Snitt pr gudsteneste	62,8	67,5	61,8	57,5	55	50	30	55
Dåp i gudstenestene	19	15	14	15	14	11	7	5
Konfirmantar	17	27	19	14	20	18	16	14
Vigslar	5	1	6	2	4	5	0	1
Gravferder	16	14	14	18	10	17	12	20
Konsertar/musikkandaktar	8	8	10	8	6	4	5	6
Deltakarar, konsertar/musikkandaktar	666	377	682	620	385	200	293	363

## A. Gudstenesteliv

Gudstenesteutvalet, soknerådet og staben har også hausten og vinteren 2022/2023 arbeidd med å få til ulike typar gudstenester, både i kyrkjene og i friluft.

Gudstenesteutvalet har drøfta desse sakene:

- Trusopplæringslanen
- Familie - og friluftsgudstenestane
- Babysang
- Gudstenestelista
- Song - og musikk i kyrkja og brev sendt til soknerådet.
- Tema gudstenester / gospelmesse ?
- Nyttårgudstenesta i Tonstad kyrkje som gjekk ut då «Syskenringen» som hadde ansvar ikkje var / er i funksjon.

Talet på gudstenestedeltakarar var mykje høgare i 2022 enn året føre, men det er forset lågere enn i 2019. Det er positivt at så mange hyttefolk oppsøker gudstenesta julaftan i Kvævemoen kapell, til vanleg 340-350 på julaftan. Men dei to siste åra har det den ene gudstenesta blitt i Lunde kyrkje. Dette har vore teke godt i mot, og det vart fleire Lunde kyrkje i fjor enn første året. Samlet gudstenestetil for julaftan i Kvævemoen og Lunde ligger likevel lågt i forhold til tidligere då det bare var i Kvævemoen kapell. Dette vil nok ta seg opp meir og meir.

Soknerådet har diskutert fleire tiltak tidlegare år for å imøtekoma innbyggjarar og hyttefolk sine ynskjer om fleire gudstenester julaftan i Kvævemoen kapell, men det ser ut til at det er ein god løysning med ein i kvar av desse tre, og det er planlagt slik også i 2023. Den siste på julaftan er i Tonstad kyrkje.

I tillegg til gudstenester i kyrkjer og kapell har det vore andre planlagde arrangement:

**Årsfest og årsmøte** blei som planlagt 20. mars etter gudstenesta i Tonstad kyrkje med årsfesten på bedehuset etterpå.

**Friluftsgudstenester:** Det var friluftsgudsteneste på Lindeland Camping Kr. Himmelfartsdag 26. mai, og 1. Pinsedag 5. juni på den store scenen bak bygdetunet på Kvæven (familiegudsteneste) med sporleik etterpå. Det vert konkludert med at Kvæven ikkje er den beste løysning for friluftsgudsteneste, og at det bør vera andre stadar.

På Kvinen langfredag vart det påskeandakt ved Einar Kvinen sitt hus ikkje langt frå Kvinen turiststasjon inne på fjellet. På Olsok 24. juli blei det arrangert eit treff ved Einar Kvinen sitt hus. Jorunn Kydland var med som Naturlos også i år. Det var 25-30 personar som var samla. Dette er eit samarbeid med Sirdal Historielag. Soknerådet er takksame for at ein får ha desse friluftsgudstenestene ved Einar Kvinen sitt hus. Det har vore tilbod heilt sida mellomkrigstida med nokon få unntak.

Det var familiegudsteneste søndag 4. september i forbindelse med Sirdalsdagane. Det er bestemt at vi vil ha same tilbodet i 2023 sjølv om det krevjar en god del ressursar.

**Påskegudstenestene.** Frode Helvig var påskeprest i Øvre Sirdal med stor deltaking frå familien alle dagar. Det vart stor deltaking på andakten Skjærtorsdag i Ålsheia før skirennet i det fine veret.

Påskeandaktane i fjellet gjekk som planlagt, Josdal påskeaftan i samband med skirennet, Raubestøl og Rypekro på Øksendalheia.

Langfredag på Kvinen, Einar Kvinen sitt hus med sokneprest Christiane Krahner.

## Visitas 6. – 11. september

Programmet for visitasen ble svært innholdsrik.

### Program

Dato - klokkeslett	Type arr	Målgruppe	Stad
<b>Tirsdag 06.09</b>			
10.00-10.45	Åpningsmøte, biskopen går gjennom programmet	Staben	Kyrkjesenteret
11.30-12.30	Biskopen har andakt Hanne Fodstad, piano	Eldre på Tjørhom	Tjørhom helsehus
12.45-14.20	Vandring gjennom Bibelen, (kirke-skole samarbeidet) Spørretime		Sinnes skule
14.45-16.45	Individuelle samtaler		Kvævemoen kapell
17.00-18.00	Sprell Levende Trosopplæringstiltak		Kvævemoen kapell
18.30-20.30	Samling for frivillige i frivillighetens år Neset jr. (historien bak Slottet). Biskopen taler Felles sang	Alle i frivillig tjeneste for kyrkja og andre kristne organisasjonar er invitert, og deres ansatte. Gratis men påmelding (frist kunngjøres)	Slottet m/middag Inkl. kaffe og dessert
21.00-21.20	Musikalsk kveldsbønn Sokneprest og kantor Biskopen har velsignelsen	Åpent for alle, ingen påmelding	Lunde kyrkje
<b>Onsdag 07.09</b>			
08.15 (08.05)-09.00	Spørretime, biskopen svarer	8-10 kl.	Tonstad ungdomsskule
09.15 (09.00)-10.30	Biskopen møter soknerådet Diverse temaer/ agenda	Soknerådet	Kommunestyresalen
10.30-11.20	Soknepresten, andakt m/nattverd Kantor, piano Biskopen hilser	Beboere og tilsette	Sirdalsheimen
11.30-12.30	Møte m/ kommuneledelsen Lunsj Relasjon kyrkje – kommune	Ordfører, kommunedirektør, Biskopen med følge	Rådhuset
12.45-14.15	<del>Programpost går ut</del> Individuelle samtaler, fremskynnet		Kyrkjestova
14.30-14.45	Befaring, fremskynnet		Haughom kapell
<b>Sundag 11.09</b>			
11.00 -12.30	Visitagudsteneste v/biskopen m/nattverd, intinksjon Medvirker: Sirdal blandakor og Tonstad barnekor Visitaforedrag	Heile kyrkjelyden	Tonstad kyrkje
12.30 - 14.00	Kyrkjekaffi, smørbrød og kaker	Heile kyrkjelyden	Bedehuset 1. etg.

Innledningsvis skal det Førre visitasen var det kontorvisitas med prosten i god tid med kyrkjeverjen. Nærmere visitasen hadde kyrkjeverjen ein eige visitas av kyrkjene med rådgivar for kyrkjebygg frå Agder og Telemark bispedømme.

Det var store forventningar til visitasen. Staben hadde lagt ned mykje arbeid i førebuing og soknerådet var svært delaktige i førebuinga og gjennomføringa. Også biskopen hadde uttrykt at han hadde høye forventningar. Alt i alt blei det innhaldsrike dagar. Ein hadde forsøkt å vise dei tiltaka som kyrkjelyden har fast. Tiltak for born og unge samt besøk til skule og barnehage. Måndag kveld var det middag på Slottet for frivillige i kristen teneste i Sirdal på tvers av organisasjonane. Det var i alt 75-80 samla. En flott plass og god stemning. Biskopen hadde ei inspirerende tale som han var blitt bede om. Etterpå var det avslutning i Lunde kyrkje med godt oppmøte. Biskopen hadde møte med soknerådet der soknerådet var særlig opptaka av to ting, nye kyrkjekontorer og 100% soknepreststilling. Begge saker skulle følgjas opp. Biskopen hadde også møte med kommuneledelsen ved kommunedirektøren og leder for oppvekst og levekår. Ordførar hadde dessverre ikkje anledning til å koma. Det var særleg ein sak på dagsorden utover det løypande forholdet som kommune og kyrkja har, og det var Nye kyrkjekontorar. Det blei ingen lovnader om når dette kunne løstast. Biskopen hadde også andakter, befaring og avsluttet med visitasgudsteneste i Tonstad kyrkje søndag med lokale musikalske innslag. Til slutt kyrkjekaffi på bedehuset med deilig kake. Stor takk til alle som bidro og alle som kom. Visitasforedraget ble gjort tilgjengeleg på kyrkja si heimside. Det sakar som skal følgjast opp.



## B. Kyrkjemusikk

*Mål:*

- *At vi prioriterer korarbeid og det kyrkjemusikalske arbeidet*

Ragnhild Maria Sandvik er dirigent for **Tonstad barnekor** (1-4 klasse), utleidd frå kulturskolen (SMoK). Dette er ei ordning vi er svært glade for å ha. På våren var øvelsene 15 minutter kortere av covid-hensyn. 18 øvelser var planlagt, to av desse avlyst grunna sykdom. Koret deltok på fleire gudstenester. mellom anna påskefest og 17. mai. Opptredener: Visitasgudstjeneste, høsttakkefest, HalloVenn, julemesse og konsert sammen med Seven, adventsamling, Lucia-konsert. Koret hadde 7 medlemar på våren og 10 medlemar på hausten. Dei øver i Tonstad kyrkje.

### Sirdal blandakor

Året starta med nedstengning grunna pandemien., men kom i gang med øvingar 10. februar og det blei 10 øvingar og fire songoppdrag før sommaren: Dei song på kyrkjelyden sin årsfest, høgtidsgudsteneste 1. Påskedag i Tonstad kyrkje, vårkonserten i Tonstad kyrkje. Der medverka også Sunniva Bertuelsen og Ragnhild Maria Sandvik som songsolistar. Kjetil var dirigent og spelte orgel og 17. mai song dei på

familiegudstenesta i Tonstad kyrkje. 01.06 avslutta dei semesteret med sommarfest heime hos Kjetil (kantor) og Anne Liv. Koret hadde seks song-oppdrag hausten 2022:

Allereie 11. september song koret på gudsteneste i høve bispevisitas. Koret var og invitert til medarbeidarsamling på "Slottet". Veldig flott kveld! Oktober på basaren på Tjørhom grendehus. Der var det masse folk og god stemning! 06.11 på gudsteneste i Lunde kyrkje på Helgemesse- dagen. 27.11 Adventsamling i Tonstad kyrkje, 18.12 «Vi syng jula inn» i Tonstad kyrkje og 25.12 var ei gruppe fra koret med på gudstenesta 1. Juledag. Ragnhild Maria Sandvik leia gruppa. Styret består av fem medlemmar. Dei har hatt tre styremøter. Hanne tok over koret som vikar etter Kjetil 24. november. Koret har 14 songarar.

Kora og alt dei bidreg med er særst viktig for kyrkjelydsarbeidet vårt, og vi er svært glade for dei tilboda som finst, og spesielt glade for alt dei klarte å få til i 2022, både overfor kyrkjelyden og saman i kora. Styra og leiarane har vore dyktige.

## **C. Undervisning – barn og ungdom**

*Mål for perioden:*


- *At flest mogleg av dei døypte tar del i kyrkja si trusopplæring*

### **Trusopplæringa**

I 2022 har Birgitta Tjørhom halde fram i jobben som kyrkjelydsarbeidar i ein 50 % stilling. Inger Solveig Høyland har vore tilbake i 70 % stilling i 2022, etter eit års permisjon i 60% i 2021.

I 2022 har alle tiltaka me har i trusopplæringsplanen vorte gjennomførte. Me har hatt god oppslutning på dei fleste tiltaka, omtrent som før pandemien. Me har og jobba med revidering av trusopplæringsplanen, og no er den ferdig revidert i januar 2023. Me har jobba gjennom dei ulike tiltaka og oppdatert ut frå erfaringar. Me har fjerna tiltak som var inaktive, og flytta opp alle tiltaka som drives i regi av kyrkja, slik at dei no er ein del av den systematiske og samanhengande trusopplæringa vår. Det betyr at Sprell Levande, Fredagsklubben og Tonstad barnekor har kome med i «hoveplanen» vår. I forbindelse med revideringa har me vore i dialog med soknerådet og trusopplæringsutvalet undevegs. Me legg ved ein oversikt over alle tiltaka me no har, og prosentvis oppslutning på tiltaka i 2022. Desse tala er ikkje like «riktige» på alle tiltaka, då nokre tiltak kun er for Øvre Sirdal for eksempel. Men tabellen viser i alle fall alle tiltaka me har hatt.





Me prøvde oss med onsdagstreff og babysong etter mange års pause. Me hadde nokre fine samlingar på våren, men av ulike årsakar fekk me ikkje starta opp igjen med dette i haust. Her ønskjer me oss fleire frivillige med på laget, og håper å kome i gang igjen i løp av 2023.

### Sirdalsdagane

I samband med Sirdalsdagane hadde me open hage utanfor Kvævemoen kapell for fyrste gong. Me hadde ordna til med ulike aktivitetar i hagen. I tråd med Sirdalsdagane hadde me sauer og den gode gjetaren som tema. Me hadde gøymt ein del sauer rundt i hagen, og me delte ut diverse bøker, såpebobler og godteri. Dette var eit fint møte med folk i alle aldre. Inne i kapellet hadde me laga klar ei enkel bønnevandring. Me delte ut gratis lappar, kake og kaffi. Me hadde frisbeegolfnett, slakk line og eit stort leketeppe med duplo. Fleire småbarnsfamiliar sette stor pris på dette tilbudet, og fann ro i hagen. Dei kunne slappe av med ein kopp kaffi medan ungane leika i hagen, innanfor eit avgrensa området. Det var tydelig at nokre slitne foreldre pusta letta ut over muligheten til å la ungane leike fritt. Me hadde familiegudsteneste i kapellet på søndagen, og merka at me hadde rekruttert nokon ved å vere tilstades på laurdagen. Me var fleire frå staben tilgjengeleg, og frivillige frå soknerådet stilte og opp. Dette håper me å videreføre dei neste åra. Det vart ein fin familiegudsteneste med fokus på den gode gjetaren på søndagen.

### Trusopplæring i Øvre Sirdal

Fredagsklubben er eit av dei nyaste tiltaka våre. Det har vore svært godt oppmøte på Fredagsklubben, og det er svært gledelig at tweens og ungdommar i Øvre Sirdal har eit tilbud som dette. Det er om lag fire samlingar i halvåret, og dei fleste samlingane er utandørs. Det er Birgitta som har ansvar for Fredagsklubben, men har med seg ein fin og trufast gjeng med frivillige.

Sprell levande i Kvævemoen kapell går sin gang, og har og hatt godt oppmøte i 2022. Nytt i år er at Birgitta deler barna i to grupper etter andakt og samlingsstund. Dei minste blir igjen i kjellaren medan dei eldste går opp i kyrkjerommet og har agentklubb. Dette for å imøtekomme dei eldste som kjem, og det har vore ein kjærkomen forandring.

### Konfirmantar

14 ungdommar vart konfirmert i 2022. 5 av desse frå Øvre Sirdal og 9 frå Tonstad. Inger Solveig var ansvarleg for konfirmantkullet. Det var svært kjekt å få reise på KonfAction etter to år med avlysning pga korona. Gjengen trivdes

godt på leir. Det vart elles eit fint konfirmantår med ein fin gjeng. Det var konfirmasjonsgudsteneste i Tonstad kyrkje laurdag 28.mai og i Lunde kyrkje laurdag 4.juni. Hausten 2022 har det kome fleire og fleire konfirmantar til etter kvart, og det ser ut til å bli 21 konfirmantar våren 2023.

### **Skule/barnehage-kyrkjesamarbeid**

I Sirdal er me heldige og har et godt samarbeid med skule og barnehage. Skulen og barnehagen ønskjer å komme til kyrkja og at me som arbeider i kyrkja skal komme på besøk til dei. Det sett me stor pris på! Våren 2022 fekk me revidert planen for kyrkje-skule-samarbeidet med begge skulane. Nytt i planen no er at me skal ha faste skulegudstenester knytta til påske og jul. På Sinnes skule ønskjer dei å få på plass eit opplegg knytta til bibelen for ungdomsskuletrinnet. Elles vidarefører me tiltaka frå tidlegare.

I 2022 har me hatt Sjekk kyrkja med 4.klassingar på Tonstad, I Kvævemoen kapell hadde me både 4. og 5.klassingar på Sjekk kyrkja. Me har hatt Vandring gjennom Bibelen i 5.klasse på begge skulane. Me var på besøk i Tonstad barnehage før påske. Me hadde skulegudsteneste før sommaren og før jul både på Kvæven og på Tonstad. Me hadde besøk av Øvre Sirdal barnehage til julesamling i kapellet. Me skulle hatt julevandring med Tonstad barnehage, men på grunn av sjukdom blant ansatte, så tok Birgitta ei samling med juletema på strak arm. Ho var inne i Tonstad barnehage og hadde samling med dei yngste avdelingane der, medan «Fem-års-gruppa» kom til Tonstad kyrkje. Dette vart eit fint alternativ, men me satsar på julevandring som vanleg vidare.

### **Trusopplæringsutvalet**

Trusopplæringsutvalet har i 2022 bestått av Grete Hegre, Laila Øksendal, Trine Røsstad Ousdal i tillegg til Birgitta Tjørhom og Inger Solveig Høyland. Dei har vore med på enkelttiltak for barn og unge og bidratt med praktiske gjeremål inn mot dei ulike tiltaka. Me har hatt eit par møter, der hovedfokus har vore på revidering av planen. Me bruker messenger-gruppa vår aktivt når me treng praktisk hjelp. Då er utvalet flinke til å stille opp og hjelpe til.

## **D. Givarteneste**

Totalt kom det inn på givartenesta til TRAFØ på kr. 10.800.

## **E. Diakoni og misjon**

### *Mål for perioden*

- *At diakoni og misjon har ein sentral plass i kyrkjelyden.*
- *Arbeide for å gje eit godt kyrkjeleg tilbod til turistane*
- *Følgje opp måla i plan for grøen kyrkjelyd*

### **Misjon/internasjonalt engasjement**

Kyrkjelyden støtter to ulike misjonsprosjekt, og soknerådet vedtok hausten 2017 å støtte desse to prosjekta i ein ny femårsperiode. Det blir tatt opp fire ofringar ved gudstenester til kvar av desse i året, og naturlegvis er det også forbøn.

Det eine prosjektet er eit arbeid NMS (Det norske misjonsselskap) driv blant nordafrikanske immigrantar i **Spania**. Sissel Agathe Bø er soknerådet sin kontaktperson, og er også engasjert i NMS-Spania direkte gjennom NMS foreininga med økonomisk støtte. Ho får nyheitsbrev som ho sender vidare til kyrkjekontoret. Kyrkjelyden får besøk av regionkontakten kvart år.

Det andre prosjektet er gjennom Misjonsalliansen. Centro Creer i **Ecuador**, eit diakonalt senter for funksjonshemma born i storbyen Guayaquil. Kyrkjekontoret mottok nyheitsbrev direkte som blei vidaresendast til misjonskontakt i kyrkjelyden Aud Ingrid Fidjeland/ Solbjørg Tjørhom. Misjonsforeininga i Øvre Sirdal støtta også Centro Creer. Hausten 2022 avslutta foreininga arbeide og foreininga blei lagt ned grunna naturleg aldring blant medlemmane. Soknerådet fortset å støtte arbeid økonomisk med ofringar til prosjektet. Saken om fortsettinga med prosjektet ønsker soknerådet å ta opp i eit møte seinere.

**Fasteaksjonen** til inntekt for Kirkens Nødhjelp er også ein viktig del av kyrkjelyden sitt internasjonale engasjement. Også i 2022 var den nasjonal innsamlinga på sosiale media. Konfirmantane hadde ikkje dør til dør- innsamling. Denne vart marknadsført lokalt bl.a. ved å dele informasjonen om tiltaket på sosiale media. Det kom inn 31.379 gjennom den digitale fasteaksjonen (dette kjem ikkje inn i soknerådet sin rekneskap) Det var svært lågt i 2021. I 2019, før pandemien, kom det inn 34.245 kr., då konfirmantane gjekk frå dør til dør.

### **Diakoni og eldrearbeid**

Tro og Lys-gudsteneste i Tonstad kyrkje var 14.09. Dette er eit samarbeid med Flekkefjord og Kvinesdal, og ein årleg tradisjon, der diakoniutvalet tek ansvar for å stelle i stand fest med mat på «Møteplassen» i Littlemohagen i forkant av gudstenesta. Familie-gudstenesta er open for alle. Anna som Diakoniutvalet skal gjera men som ikkje blei noko av, gåve til alle jubilarantar som fyller 75, 80, 85, 90, 95 og 100 år. Enten songboka Syng Med, ein bordkalender eller blomar. Soknepresten har hatt andre diakonale oppgåver. Mange jubilarantar har ikkje hatt dette besøket siden 2020. Her står mykje ugjort. Det har ikkje vore møte i Diakoniutvalet i 2022. Soknerådet bør sjå på Diakoniplanen og kva dei skal gjera.

### **Gullkonfirmantar**

Mange set pris på den årlege tradisjonen med å innby alle Gullkonfirmantar til 50-års jubileum. Dei som blei konfirmert for 50 år sidan blir inviterte til gudsteneste i Tonstad kyrkje og middag etterpå Tonstadli. Ein god del 50-årskonfirmantar møtte opp, og det blei ei flott markering.



### **Grøn kyrkjelyd**

Sirdal kyrkjelyd er grøn kyrkjelyd, og har eit særskilt ansvar for å vere ein god forvaltar også for naturen rundt oss. Miljøvenleg reinhald i bygga våre er eit viktig tiltak. Arbeidsgruppa har ikkje hatt møte i 2022. Kyrkje og kultur har ei side om miljø i bladet. Det gir ein viktig påminning om ansvar for natur og gjenbruk. Skaparverket er viktig i eit kyrkjeleg perspektiv.

I 2022 har det ikkje vore noko organisert felleskyrkjeleg arbeid.

## **F. Kultur**

### **Kulturutvalet**

Kulturutvalet har arrangert to kulturkveldar i 2022. Kulturutvalet står for enkel servering på kveldene.

Konsert og poesikveld i Tonstad kyrkje ved Robert Tjomlid i mars. Det blei ein veldig fin kveld, der Robert framførte eigne songar og las frå diktsamlingane sine. Innimellom snakka han litt om songane. Det møtte 34 personar, og dei var ganske fornøyd med det såpass kort etter gjenåpning etter pandemien. Robert fekk mykje positiv respons.

I november fremføring av Markusevangeliet, ein multimediaforestilling ved artist Christian Fredrich Stejskal i kulturhuset. Dei ca 45 framførte fekk ei stor oppleving! Artisten framførte heile Markusevangeliet utan manus. Samstundes viste han eigne bileter frå Midtausten som illustrasjonar til teksten. Innimellom spelte han eigen musikk på fiolin. Kulturvalet har hatt to møter, juni og november. Styret har fire medlemmar. Kulturutvalet held fram med å arrangere ein **kulturkveld** kvart semester på kulturhuset. Takk til alle involverte.

**Energifestivalen** i Sirdal. Kyrkjelyden er godt synleg i hagen på kyrkjesenteret med stand og fleire opplegg for barn samt servering av kaffi, saft og vaflar.

## G. Samarbeid med skule og barnehage

Samarbeidet mellom kyrkje-skule og kyrkje-barnehage er godt, og planane for dette samarbeidet vert følgd opp. Sjå kapittel C.

## H. Informasjonsarbeid

Informasjonsarbeid er eit viktig område. Bladet «Kyrkje og kultur i Sirdal» kom med fire nummer også i 2022 (11. årgongar). Det kjem gode tilbakemeldingar på bladet. Bladet er eit samarbeid med Eininga for kultur i kommunen.

Det er viktig å oppdatere heimesida [www.sirdal.kyrkja.no](http://www.sirdal.kyrkja.no), for at folk ikkje skal miste interessa. No er det blitt meir vanlig at vi legg fleire hendingar ut på Facebook (fb), det viser seg å vere ein god måte å nå folk på, også påmeldingar til nokre tiltak går på fb. Gjennom fb-sida når vi ut til nye grupper. Staben freistar å oppdatere sida jamleg. Meir og meir kunngjerast på kyrkja si fb-side. Mange aktivitetar er retta mot målgruppa barn og unge som ikkje bruker heimesider så mykje. Den statiske informasjonen, så som kontaktinformasjon, kalender, info om arrangement osv., skal i alle høve vere oppdatert. Fb-sida til kyrkjelyden heiter [www.facebook.com/kyrkjaisirdal](https://www.facebook.com/kyrkjaisirdal). Dess fleire som trykker «like» på denne sida og inviterer venene sine til å gjere det same, dess fleire når vi ut til med informasjon. Ein kan også vurdere andre sosiale media.

Ein annan viktig informasjonskanal er SMS-varsling. Dette er mykje nytta i konfirmantarbeidet, men også i nokon grad mot vaksne. I ungdomsarbeidet har fb lenge vore brukt som ein viktig informasjonskanal. Kyrkjekontoret leverer dessutan notisar til avisa Agder i samband med spesielle gudstenester og andre arrangement. Ved større hendingar sender vi også pressemelding til NRK.

## 5. Rekneskap 2022

Nøkkeltal frå rekneskapen	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Driftstilskot, kommune	3298872	3380000	3240000	3275000	3480000	3580000
Tilskot andre driftstiltak	200000	200000	200000	400000	200000	200000
Tilskot frå staten	158.500	153181	177389	148000	154000	156000
<b>Bundne driftsfond</b>						
Bunde driftsfond trusopplæring	109929	95609	95609	70058	75081	59642
<b>Disposisjonsfond</b>						
Restkonto Øvre Sirdal	35099	35099	35099	35099	35099	35099
Restkonto Tonstad	26816	26816	26816	26816	26816	26816
Disposisjonsfond drift	181844	181844	523747	363205	457762	457763
Disposisjonsfond trusopplæring, ny i 2017	50000	50000	50000	50000	50000	50000
Driftsfond investering, ny i 2017	376640	376640	32391	32391	32391	32391
Årets overskot/underskot:	580683	195131	220669	0	94557	230262
Investeringsfond	0	0	235000	235000	235000	235000
Ofringar til andre organisasjonar inkl. misj.pr	169281	145911	147330	83214	74931	99170
Innsamling til Fasteaksjonen, dør til dør aksjon	46665	36696	32396	0	0	31379
Offer til kyrkjelydsarbeidet	34900	30742	35920	37305	25159	38140
Kollektar ved konsertar	4422	8601	7596	0	0	0
Givarteneste	13600	13000	10300	10800	10800	10800

Tabellen viser utviklinga av tilskot, frie midlar (fonda), overskot/underskot og offer/gåver/innsamla midlar dei siste åra.

Sirdal kommune vedtok overføringar til drifta av kyrkja på kr. 3.780.000 inkl. kr. 200.000 til ekstraordinære tiltak til vedlikehald av kyrkjer. Planen var å oppgradere varmelegg, men det lot seg ikkje gjera av forskjellige årsakar. Mindreforbruket / overskotet på drifta, kr. 230.682 avset til disposisjonsfond.

Kostnadene ved å drifte eit offentleg forvaltningsorgan som kyrkja er, er betydelege. Nesten alt er faste kostnader. Det er utfordrande å budsjettere pensjonsutgifter då reguleringspremien kan variere mykje frå år til år, derfor er det viktig å ha ein «buffer» på disposisjonskonto. Dette rekneskapsåret har en teke ca. kr. 100.000 frå premiefondet. Det er også i 2023 høyt premie.

### Takkoffer:

Det blei høgare inntekter til andre organisasjonar inkludert til misjonsprosjekt kr. 99.000 (75.000 i 2021). Av dette, ofringar til misjonsprosjekta kr. 26.000 (11.500 i 2021).

Ofringar til kyrkjelyden kr. 38.000 og blei høgare enn på mange år.

Fasteaksjonen kr. 31.000 på nivå med året føre pandemien. Dette er kontantar samla inn ved dør til dør aksjon.

### 43 Kyrkjegardar:

Inntekter frå feste av graver kan årleg variere med opptil hundre tusen kroner. Festeinntektene blei omtrent som budsjettert ca. kr. 40.000. Meirutgifta til drift: Ansvar 43 kyrkjegardane må dekkast inn av kommunens årlege tildeling til kyrkja. 43 Kyrkjegardar gjekk i minus med kr. 358.000 (314.000 i 2021). Kommunal tenesteyting vedrørende gravplassane kr. 477.000 (kr. 891.000 i 2021). Beløpet kjem fram som utgift og inntekt i rekneskapen og har ingen betydning for kyrkja si drift. Tenestetilbodet er ikkje redusert, men utgiftsføringa i kommunen har vært ca. kr. 800.000-900.000 i fleire år.

### Investeringar:

Det blei ikkje overført pengar til nytt kyrkjesenter og ingenting har skjedd dette året. Mulighetstudium for samlokalisering med NAV på Helsehuset blei nedstemt i formannskapet. Dei mente det blei for dyrt. Kommunen ville sjå på andre løysningar. Dei siste årene er det brukt mykje pengar på mulighetsstudia av eksterne firma. Kommunen

har etter lova ansvar for at kyrkja lokalt har funksjonelle og godkjente kontorlokale for drifta. Kyrkjeverjen har i samarbeid med kommune andre brukt mykje tid på å sjå på og prosjektere moglege løysningar.

--

Økonomiforskrifta for Den norske kirke (ny bestemmelse), § 12, nr. 4 – Klargjering om tilstand mht. likestilling og diskrimineringslovgevinga:

Sirdal sokneråd arbeider aktivt for likestilling og mot diskriminering, jf. Likestilling og diskrimineringsloven § 26.

Arbeidet er ein del av verksemda sitt HMS-arbeid for å søkje å hindre diskriminering, jf. Punkt 7.0. Internkontroll. Krav om 40% representasjon av begge kjønn. Det lykkast ikkje å få lik representasjon ved valet 2019. Valte faste medlemmer: 5 kvinner (83,3%) og 1 mann (16,7%). Kjønnfordeling i staben: 3 kvinner (60%), 2 menn (40%).

Soknerådet har ansvaret ved val til soknerådet og kyrkjeverja har det daglege ansvaret. Det er varslingsrutiner i Internkontrollpermen. Det er avgrensa tilgang/ikkje tilgang for funksjonshemma grunna manglande universell utforming av/til kontora og øvrige rom ved kyrkjesenteret. Kyrkjesenteret med kontor tilfredsstillar heller ikkje krav i Arbeidsmiljøloven. Det blir jobba aktivt med nye kontor. Dette gjeld i liten grad ved kyrkjene, som alle er tilrettelagt for funksjonshemma.

## 6. Framtidsutsikter

Vi er glade for at rekruttering til ulike ledige stillingar har lukkast for soknerådet. Alle stillingar er besett. Tilsette gjer ein svært god jobb og står godt rusta til at dei frivillige kan oppleve å gjera ei meningsfull teneste. Dei frivillige legg ned mykje tid. Av naturlege årsaker går nokon ut av ein eller fleire tenester, og nye kjem til. Soknepreststillinga har vore vakant frå nyttår, men det er ein som er vikarierende sokneprest. Vi håper rekrutteringa til ny sokneprest også vil lykkast.

Mange kyrkjelyder opplever markant nedgang i dåpstala. Låge dåpstal i 2022 skyldes i hovudsak låge fødselstal. Særleg bekymringsfullt er det når dei som sjølv er medlemmer, vel å ikkje døype barna sine. Vi har ikkje merka mykje til dette så langt, men det kan skje, både i dåpstala og talet på konfirmantar. Ein god måte å styrke kyrkjelyden på er at alle som ønskjer at kyrkja framleis skal vere eit viktig «lim» i lokalsamfunnet og «lys og salt i verda», er trufaste med å kome til gudsteneste og frimodig oppmuntrar barn og ungdomar til å ta del i trusopplæring og anna barne- og ungdomsarbeid. Den beste måten å ta vare på noko, er å bruke det. Det gjeld i høgste grad også kyrkja. Det er viktig at kommunen sørger for tilstrekkeleg med overføringar for dagleg drift og investeringar slik at kyrkjene ikkje forfell, at kyrkjesenteret held den standard som krevst for ein arbeidsplass og at unge og gamle som oppsøker kontora møter universell utforming med tilgjengelegheit.

Mange har gode minne frå ulike samanhengjer i kyrkja, frå dei er heilt unge, gjennom oppveksten og i vaksen alder, og er stolte av og glade i kyrkjene sine. For kyrkja er det viktig å sjå enkeltmenneske, både i glede og sorg.

### Mål for 2023-2024

- Oppfølging av vedlikehaldsplan frå 2011
- Få hensiktsmessige og lovlege kontortilhøve for staben ved Kyrkjesenteret med tilgjengelegheit for besøkande, unge som eldre. Sirdal kommune har ansvar etter loven.
- Vidareføre arbeidet med ENØK-tiltak i kyrkjene. Varmepumpe i Tonstad kyrkje og Haughom kapell.
- Installere supplerande varme/skifte ut rørovnene i Haughom kapell samt oppgradering av eksisterande anlegg.
- Gravplassane skal vere gode stader å vere for sørgjande og andre som ferdast der. Installasjon av vatningsanlegg på dei to siste gravplassane, Kvævemoen og Haughom er til vurdering.

### Prioriteringar 2023

- Oppfølging av vedlikehaldsplanen frå 2011.
- Arbeide vidare med å få lovlege og hensiktsmessige kontortilhøve med universell utforming for staben og ved Kyrkjesenteret med tilgjengelegheit for besøkande, unge som eldre.

- ENØK – tiltak, arbeider for varmepumpe i Tonstad kyrkje og Haughom kapell (skifte ut ovner).
- Feste benkar i Haughom kapell
- 

